Torgeir T. Garmo:

# Mineralientage i Munchen 1988




Dei fyrste bilane har kjøyrt inn i hallen. Dukane er borte, og dei lange radane av bord er brotne opp. Golvet flyt av søppel og papir. Folk med andlet grimete av sveitte stuvar med trøyte hender ljoskastarar og mineralboksar inn i altfor tronge bilar. - Festen er over.

Mineralientage Munchen, sundag kveld klokka 8. Det er alt to timar sia ei upersonleg høgtalarstemme jaga ut siste publikumar, men enno blir det pruta forsiktig ved enkelte stands medan ein stadig tydelegare irritert ryddegjeng lempar benkar og bord i høge stablar.

Omlag 250 handlande frå bortimot 25 land hadde sett kvarandre i stemne i Hall 16. Og publikum strømde til som vanleg. Ikkje heilt rekord, seier tellerane, men meir enn 20000.

Tre intense dagar frå 9 til 18 er over, og likevel var det ikkje råd å få alt med seg. Nokre hovudinntrykk har festa seg, men kanskje har andre høsta andre røynsler:

- mengda av flotte mineral er enorm, på dei fleste stands finst stuffar til over 1000 DM, og dei større handlarane har eit stort utval til 4-5000 DM. Ein av dei amerikanske mineralhandlarane eg prata med gat på at berre 5-10% av stuffane blir selde til den prisen som står på, resten går i rimelegare «lots» eller blir pakka ned att til neste messe.
- Prisane på same mineral av tilsvarande kvalitet - og fra same lokalitet - kan variere med 50 - 300%!
- Prisane på perfekte stuffar med berre heile krystaller kan vera 10 x prisen på tilsvarande stuff med berre små skadar.
- Det er langt færre mineral enn før å sjå frå land som Mexico, Chile og Peru. Marokko og Polen held koken, og China, Sovjet, Romania og Spania kjem for fullt.
- Norden var representert med finske gullvaskarar med uvarovitt, spektrolitt og eit nytt funn av grove ametystkrystallar. På ein svensk stand vart det berre seld kalsitt (og litt fluoritt) frå det nye funnet i Malmberget, og på 3 norske stands var det flotte sølvstuffar frå Kongsberg, anatas frå Valdres og Hardangervidda, Zirkon og diopsid frå Seiland og mindre mengder kvarts.
- Av norske mineral elles var det lite å sjå denne gongen. Eg merka meg 4 - 5 sølvstuffar i prisklasse 3-10500 DM og vart den glade eigar av eit par store monazitter frå Krøderen til omlag 100 DM.
- I eit land med meir enn 100 mineralmesser der dei fleste samlar med pengepungen, blir jakta intens på nyheiter - og som oftast forgjeves. Den finske ametysten, den svenske kalsitten med gul stilbitt, og den norske diopsiden trefte likevel ikkje heilt marknaden. Betre såg det ut til å gå med den konjakk-farga polske celestitten, med ein sterk blå barytt frå Romania og med spanske fluorittar i lilla, gule og «sjølvlysande» grøne farger. Akvamarin, og i mindre mengder, topas- og kunzittstuffar frå Pakistan/Afganistan overstrøymer marknaden i den grad at prisen snart må falle drastisk.
- Fordi mineralsamlarane «har alt» og ikkje kjøper så mykje lenger har dei store handlarane satsa på praktstuffar av ametyst og annan kvarts til dekorasjon heime hjå «vanlege folk». -For meg er mineralsamlaren død - sa ein handlar frå Køln. -Skal eg overleva må eg selja til andre grupper, og dei kjøper ørkenroser, polerte ametystar og forsteina tre.-
- Det beste kjøpet på messa? det vil det sikkert vera like mange meiningar om som kjøparar. Sjølv fall eg for spansk sinkblende i glitrande krystallar og i fasettkare, gulbrune messer, dessutan for ein firkanta (!) 4 cm lang kvartskrystall frå Brasil - til 3 DM!

Ein ny mineralfest har vorte historie. «It costs too much» - som dei kanadiske venene våre seier, - «we'll never do it again!» - Neste år er dei på plass ved bordenden sin att.